

Høringsinstans

Norheimsund, 26.03.2020

Dykkar ref:

Prosjekt: Detaljreguleringsplan for Gråskorv

Vår ref: 2461

**Melding om utviding av planområde for detaljreguleringsplan av gnr. 109 bnr. 7 m.fl. for fritidsbustader på Gråskorv, Øvre Haukås i Strandebarm, Kvam herad**

Geoplan AS arbeider på oppdrag frå Haukås Utvikling AS med reguleringsendring av reguleringsplan for Gråskorv PlanID 20170001. Gjeldande reguleringsplan består av to delområde (PlanID 20070013). Del 1 Åsen-området er detaljregulert og ferdig utbygd. Del 2 Gråskorv-området er flateregulert og har krav til detaljregulering. Det vart varsla oppstart av detaljreguleringsarbeid for gnr. 109 bnr. 7 m.fl. del 2 Gråskorv, Øvre Haukås, Strandebarm, Kvam herad den 11.09.2017.

Saka er registrert på saksnr. 17/529 i Kvam herad. Det føreligg innspel til oppstart frå NVE, Statens Vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland. Det føreligg også uttale frå Fosse markalag. Vi har i tida som har gått jobba med å imøtekomme desse innspela og innhente meir dokumentasjon. Ved utbygging av del 1, Åsen-feltet, er teknisk anlegg, parkering og veg lagt noko om i høve gjeldande regulering. Grunna føreståande er det behov for å utvide reguleringsområdet til å omfatte tilkomst, parkering og tekniske anlegg. Reguleringsendring av Gråskorv vert såleis utvida til å ta med delar av detaljregulering del 1 Åsen.

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for fritidsbustader i området, Gråskorv, med tilhøyrande infrastruktur. Føremålet med utvidinga er å ta med justeringar av veg, parkering og teknisk anlegg langs Holsetevegen. Planen er i tråd med overordna plan og Kvam herad vurderer at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing, jf. KU-forskrifta §§ 3-5.

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert De med dette varsla om utviding av planområdet for detaljreguleringsplanen. Varsla planområdet er på 165 daa og strekk seg langs Holsetevegen frå Øvre Haukås til og med Gråskorv, vest for Botnavatn. Planområdet er avgrensa som vist på vedlagde kart.

**Frist for innspel til utviding av planområdet er sett til 06.05.2020**

Innspel skal sendast Geoplan AS, Sandvenvegen 17, 5600 Norheimsund, eller via e-post; [post@geoplan.no](mailto:post@geoplan.no). Spørsmål rettast til Geoplan AS på tlf. 56 55 62 33. Alle innspel vil verta vurdert og lagt ved planframlegget når det vert sendt til Kvam herad for handsaming.

Med venleg helsing

Solveig Valland  
Dagleg leiar/sivilarkitekt MNAL

